



Molde
Hovedkontor for Møre og Romsdal
Romsdalsgt. 7/13

6415 Molde

tel. 71 20 26 10
fax. 71 20 26 12

Internett: <http://www.aetat.no>

Nr.: 07 / 2005 28. juli 2005

God arbeidsmarknad

Det er no 4361 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjør 3,5 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 16,2 prosent samanlikna med same periode i fjor, men ein auke på 16,9 prosent i høve til siste månad. I juli deltok 308 personar på ulike ordinære arbeidsmarknadstiltak, noko som gir ei brutto arbeidsløysa på 4669 personar.

I landet er det 89266 heilt ledige. Dette utgjør 3,7 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 9,2 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ein auke på 10,1 prosent i høve til siste månad. Sidan årsskiftet har arbeidsløysa på landsbasis gått ned 4,4 prosent.

Det er normalt at vi har ei auke i arbeidsløysa denne månaden. At aetat har ei nedtrapping av arbeidsmarknadstiltaka samt framleis tilstrøyming av unge arbeidssøkarar som har avslutta skule og militærtjeneste er blant årsakene til dette. Sidan utgangen av mai har arbeidsløysa blant dei heilt ledige under 25 år auka med 43 prosent, og arbeidsløysa blant dei med høgare utdanning auka med 31 prosent. Når vi justerer for slike normale sesongsvingingar var auken i arbeidsløysa 1,2 prosent i juli.

At sesongjusterte tall for sommarmånadene viser ein stabil arbeidsmarknad er tekn på at arbeidsmarknaden i fylket er i klar betring. Dette blir stadfesta gjennom ein klar vekst i talet på ledige stillingar i fylket. Det er no 637 ledige stillingar, som er ei auke på 61 prosent i høve til same periode i fjor.

Arbeidsløysa opp i offentleg sektor

Samanlikna med same periode i fjor så har fylket ein markant nedgang i arbeidsløysa innan dei fleste yrkesgruppene. Størst nedgang har det vore innan naturvitenskaplege yrke (ingeniørar, sivilingeniørar og it-relaterte yrke, ned 37 prosent), industri (ned 31 prosent) og bygg- og anlegg (ned 30 %). Innan dei offentlege yrkesgruppene undervisning, helse, pleie og omsorg har vi ein annan trend enn for landet som heilheit. Her har arbeidsløysa gått opp det siste året, med om lag 8 prosent innan undervisning og 10 prosent innan helse, pleie og omsorg.

Arbeidsløysa mest ned blant menn

Arbeidsløysa blant menn har gått markant ned det siste året. Det er no 2174 heilt ledige menn, som er ein nedgang på om lag 24 prosent samanlikna med juli i fjor. Vi har også ein nedgang blant kvinnene på 6 prosent siste år, kor det no er 2187 heil ledige kvinner. Siste månad har arbeidsløysa gått opp med 9 prosent blant menn og 19 prosent blant kvinner. Utviklinga i arbeidsløysa blant kvinner og menn har ein klar samanheng med utviklinga i arbeidsløysa innan dei ulike yrkesgruppene.

Ved spørsmål gjøres henvendelse til:
Kirsti Borgen eller Stig Lodve Janbu, tlf. 71 20 26 10

Statistikk om arbeidsmarknaden i Noreg finn du på: www.aetat.no
Neste frigjeving av statistikk frå Aetat i Møre og Romsdal er 01. september 2005.
Ved publikasjon av tal frå denne rapporten skal Aetat i Møre og Romsdal gjevast opp som kjelde.

**Talet på ledige –
juli 2005**

Fylket	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	2454	2678	5132	4,0%	447	-413
02 Akershus	3785	3794	7579	2,9%	937	-444
03 Oslo	7825	6250	14075	4,7%	568	-2351
04 Hedmark	1539	1519	3058	3,3%	224	-150
05 Oppland	1188	1150	2338	2,6%	232	-159
06 Buskerud	2101	2109	4210	3,1%	462	-645
07 Vestfold	2047	2030	4077	3,8%	370	-387
08 Telemark	1586	1534	3120	3,8%	314	-604
09 Aust-Agder	994	909	1903	3,7%	101	-437
10 Vest-Agder	1449	1381	2830	3,6%	318	-388
11 Rogaland	3353	3702	7055	3,4%	675	-855
12 Hordaland	4506	4594	9100	4,0%	851	5
14 Sogn og Fjordane	731	709	1440	2,6%	180	-336
15 Møre og Romsdal	2174	2187	4361	3,5%	632	-840
16 Sør-Trøndelag	2758	2844	5602	4,0%	611	-695
17 Nord-Trøndelag	1276	1338	2614	4,2%	316	-14
18 Nordland	3056	2372	5428	4,7%	434	-106
19 Troms	1795	1435	3230	4,1%	255	-65
20 Finnmark	1279	835	2114	5,7%	251	-141
Riket	45896	43370	89266	3,7%	8178	-9025

Distrikt

Aetat Molde	476	410	886	3,1%	136	-77
Aetat Ørsta	165	166	331	3,6%	57	-41
Aetat Ulsteinvik	259	308	567	4,4%	100	-372
Aetat Ålesund	711	780	1491	3,4%	183	-329
Aetat Sunndalsøra	156	137	293	2,6%	31	11
Aetat Kristiansund	408	385	793	4,4%	125	-32
Møre og Romsdal	2175	2186	4361	3,5%	632	-840

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	209	152	361	2,8%	24	-46
1503 Kristiansund	225	197	422	5,1%	71	-64
1504 Ålesund	450	448	898	4,2%	72	-182
1511 Vanylven	34	44	78	4,4%	15	-23
1514 Sande	14	30	44	3,5%	2	-49
1515 Herøy	88	107	195	4,7%	45	-101
1516 Ulstein	61	68	129	3,7%	16	-141
1517 Hareid	63	62	125	5,5%	23	-42
1519 Volda	67	76	143	3,5%	40	-6
1520 Ørsta	97	88	185	3,7%	20	-26
1523 Ørskog	6	14	20	1,8%	7	-13
1524 Nordal	6	4	10	1,1%	3	-3
1525 Stranda	12	16	28	1,2%	12	11
1526 Stordal	2	8	10	2,0%	-6	-5
1528 Sykkylven	38	29	67	1,7%	17	19
1529 Skodje	33	40	73	3,9%	13	3
1531 Sula	62	89	151	4,0%	19	-29
1532 Giske	58	53	111	3,4%	29	-30
1534 Haram	46	75	121	2,7%	10	-81
1535 Vestnes	38	40	78	2,5%	17	-12
1539 Rauma	60	56	116	3,1%	28	2
1543 Nesset	31	17	48	3,3%	5	-13
1545 Midsund	12	21	33	3,6%	14	-7
1546 Sandøy	4	5	9	1,4%	2	-1
1547 Aukra	31	9	40	2,6%	9	-8
1548 Fræna	63	80	143	3,1%	15	-17
1551 Eide	30	27	57	3,5%	10	-3
1554 Averøy	56	65	121	4,4%	12	9
1556 Frei	46	60	106	4,0%	23	-15
1557 Gjemnes	30	24	54	3,9%	8	4
1560 Tingvoll	17	17	34	2,3%	5	8
1563 Sunndal	52	46	98	2,6%	3	25
1566 Surnadal	47	46	93	3,2%	16	2
1567 Rindal	8	7	15	1,6%	6	0
1569 Aure	23	18	41	3,3%	2	-1
1571 Halså	14	10	24	2,9%	-1	-10
1572 Tustna	15	4	19	4,2%	2	2
1573 Smøla	22	19	41	3,8%	7	6
Justering*	5	15	20		17	-3
Sum	2175	2186	4361	3,5%	632	-840

* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved Aetat lokal i andre fylker.